

# RADAR

NR.1 — 2021 · 37. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



s. 8-9: DRIFTIGE KARAR



Av Gudveig Kartveit Sundsbø

I desember i fjor stod over 210 blomsterhelsingar på Rasteplassen, klare til utdeling. Det er ikkje første gongen kyrkja har tinga så mange blomar før jul. I fleire år har kyrkja kjøpt blomar, og frivillige i kyrkja har vore med og delt ut kvar og ein til dei eldre her på Radøy. Alle over 80 år, som er medlem av Den norske kyrkja, får ein blomehelsing før jul. Det er over 30 frivillige som brukar av tida si til å møte kvar enkelt. I fjor vart det noko annleis grunna koronasmittevern, men blomane vart delte ut, og kvar og ein vart møtt av ein frivillig. Kanskje var det nettopp dette året viktig å ha ein slik fast tradisjon? Kanskje det var ekstra viktig å få helsinga for dei som kjende på einsemda i denne pandemien?

Blomsterhelsingane som vert delte ut av frivillige i kyrkja kvart år, er ein del av det diakonale arbeidet som har vore på Radøy i mange år. Det er ei handsrekning til alle medlemmene for å seie at me tenkjer på dei og vil dei vel.

Me menneske er skapte til å bry oss om kvarandre. Me viser at me bryr oss på mange ulike måtar. Av og til er det ikkje meir enn eit «hei» på butikken, eller å halde døra open for nokon. Andre gonger krev det meir. I denne spesielle tida har me høyrte fleire gongar kor viktig det er med ein telefonsamtale - eller ein tur saman med ein nabo.

Historia om Den varmhjarta Samaritanen i Bibelen fortel



oss om å bry oss om vår neste. Sjølv om det er ein ukjend person, og sjølv når ein ikkje synest ein har grunn til å bry seg. Kanskje nettopp då er det me treng tenkje *kven kan eg vere ein neste for?*

I kyrkja har me fleire tiltak som går under det første av dei fire verdiane i diakonalt arbeid: **Nestekjærleik**. Blomehelsingane er ein av desse. Open kyrkje, samtalar med menneske i sorg og sorggrupper, samt Tysdagstreff er andre aktivitetar som legg til rette for møte mellom menneske. Verdien i å bry seg er stor. Det kan me alle vera med på.

## VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

«Vatn og evangeliet har endra landsbyen vår!»

Orda kom i ein liten landsby i det sørlege Etiopia. Saman med Mekane Yesus-kyrkja hadde Kirkens Nødhjelp bidratt til å byggja vasstankar til å samla opp vatn i regntida, og fleire norske misjonsorganisasjonar (NMS, NLM og Frikyrkja) hadde støtta arbeidet med evangelisering. Etter ein runde for å sjå på anlegget er det ein mann med dressjakke og eit fargerikt hovudplagg som reiser seg og seier: «Vatn og evangeliet har endra landsbyen vår. No er me frie!»

Evangeliet kan gjera menneske frie. Frie frå trollmenn, ver- og naturteikn, spåkoner og horoskop.

Og tilgang til reint vatn gjer livet meir sutlaust. Det er avgjerande for helsa, kvinner slepp risikoen ved å gå gjennom aude område for å henta vatn til familien, og tida kan brukast til skule og arbeid.

Det engelske uttrykket «safe drinking water» minner oss om at det både skal vera og kjennast trygt å drikka vatn.

Mekane Yesus-kyrkja har som motto «Serving the Whole Person», «i teneste for heile mennesket». Dét hadde dei fått oppleve i denne landsbyen.



# Alle kyrkjene på Radøy har fått UNIVERSELL UTFORMING

Av Audun Sylta

Kyrkjene i soknet er alle bygde på siste del av 1800-talet. Den gongen var det lite fokus på at rørslehemma skulle kunna koma seg til kyrkje. Alle kyrkjene er bygde med kjellar og slik at inngangsdørene er eit godt stykke over bakkenivå. Vi er derfor svært nøgde med at vi no kan tilby trappefri tilkomst til alle kyrkjene i soknet.

I dag er det eit krav på nye bygg at rørslehemma skal kunna nytta same inngangen som andre. Soknerådet har lenge hatt ein plan om at kyrkjene våre skulle få betre tilkomst, og no har Manger som den siste også fått tilkomst etter dagens krav.

Dei utvendige rampane skal gje trinnfri tilkomst for rørslehemma i tillegg

til at dei skal lette arbeidet for gravferdsbyråa.

På Sæbø kyrkje vart dette tilrettelagt i 2010 då kyrkja vart ombygd og påbygd. Hordabø fekk sitt nye inngangsparti hausten 2019 og Manger var ferdig til bruk i november 2020.

Prosjekta har kosta ein god del, og tidlegare Radøy kommune har heile tida vore med på laget og støtta soknet med finansiering. Dyktige lokale handverkarar har utført arbeidet på alle kyrkjene. Alfred Mjelde har stått for betongarbeid og legging av heller, Risnes Elektro har lagt varmekablar og Gårdbrukerservice har laga flotte smijernrekkverk.



## Påskemysteriet

I desse tider kan vi ikkje samla mange menneske, men vi kan samla familien vår. Det er ein fin ting.

Alle familiar har sine eigne historier. Det er ofte veldig interessant å høyra familiehistoriene våre. Korleis gjekk det egentleg då eg vart fødd? Korleis fann pappa og mamma kvarandre? Korleis fann dei ut kva dei skulle bli? Kva har eg lyst til å bli?

Viktige spørsmål, spør du meg!

I år får alle 10-åringar ei øskje som skal opnast i fastetida. Den inneheld ei heilt eiga historie, som heiter **Påskemysteriet**. Historia hjelper kvar familie til å ha ein samtale om sine eigne historier.

Har du ein 10-åring som ikkje har fått denne øskja? Send meg ei melding på 47973670, så leverer eg den heim til deg.

Med venleg helsing

Wilco Vogelaar, kyrkjelydspedagog på Radøy

### VÅRRYDDING på kyrkjegardane i Alver

Rydding av gravplassane vil bli gjort frå måndag 22. mars. Vi ber difor dei som har pyntegenstandar m.m. som dei vil ta vare på om å rydde desse vekk sjølve

**innan søndag 21.mars.**

Ver vennleg å kaste boss i framsette dunkar/konteinarar.



**Alver kyrkjelege fellesråd**

# Utegudstener julaftan

Julaftan 2020 var det gudstener på utsida av alle fire kyrkjene på Radøy! Historisk! Liturg og musikarar stod på kyrkjetrappa, og folk elles stod på kyrkjebakken.

Idéen var dristig, for korleis ville veret verta? Kva med lyd? Og ville det koma folk?

Grunnen for å vera ute, var korona. For innandørs måtte det vera minst 2 meter mellom husstandane. Med slik avstand ville det ikkje verta plass til mange. Men ute kunne det vera 200.

Etter ein periode med mykje regn, skein det opp og vart fint ver. Litt kaldt var det, men godt kledde og med passeleg avstand deltok i alt 350 menneske ved dei fire kyrkjene!

Tom Brevik arrangerte og organiserte musikken, slik at 6-8 blåsarar deltok ved kvar kyrkje, likeeins ein songar som var solist og forsongar. I tillegg stilte mange frivillige som vakter slik forskriftene krev det no.

Gudstenerne var samstundes, kl 15, og varte 30-40 minutt, til det mørkna, og julekvelden kunne halda fram i heimane.

Og i Vipps-offer kom det inn i alt 15.563 kr til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid!



**Frantzen's  
Gartneri**

BLOMSTERFORRETNING  
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

**Manger  
Tannlegesenter**

Tannlegane Tor Skutle og Sondre V. Håland

**FISKENETT**

MANGER

5936 Manger  
tlf 56 34 98 60  
www.fiskenett.no



#### FAKTA

**Namn:** Geir Dahle

**Alder:** 38

**Bustad:** Frekhaug

**Yrke:** Musikk lærar på  
Nordhordland  
Folkehøgskole

# Frå kyrkjebenken

Tekst: Solveig Westermoen

Foto: Arve Kjell Uthaug

– **Kva kyrkje tilhøyrer du?**

– Meland kyrkje.

– **Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?**

– Eg har vore aktiv i kyrkjelyden her sidan vi flytta hit i 2013.

– **Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?**

– Mange ting! Fellesskapet, mangfaldet, preikene, løvegjengen, musikken. For meg er kyrkja ein trygg plass der eg både kan ta imot frå Gud og menneske, og bidra. Som musiker kan eg ikkje tenkje meg meir meningsfull musisering enn å spele til ære for Gud og til glede for kyrkjelyden!

– **Korleis vil du skildre kyrkja?**

– Eg opplever at vi er ei vital og kreativ kyrkje der både stab og kyrkjelyd er opptatt av at innhaldet og rammene skal

vere relevant og av god kvalitet. Det er stas å få vere med på det!

– **Kva salme syng du gjerne for tida?**

– Eg kjem stadig tilbake til ein del barnesongar. Det er eit eller anna med desse enkle tekstane der vi ikkje "rotar oss bort" i flotte formuleringar, men går rett til kjernen. "Vær meg nær, o Gud", er ein favoritt for meg. Den rommar egentlig heile livet, eg kan nesten bli på gråten av og til av den songen!

– **Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?**

– Når det gjeld kaffien i seg sjølv, er det nok at den ikkje er fæl... :) Elles må den innehalde nokre gode pratar, helst både med dei eg kjenner best, og nokre nye eller meir perifere. Og viss det ligg att gode sjokoladekjeks i korga som eg kan "rydde", er kyrkjekaffien perfekt!

**KNARVIK**  **SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik  
Blomstestove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomstestove.no](http://www.knarvikblomstestove.no)

# Til Tanzania med Kirkens Nødhjelp

Tekst: Gunnar Kartveit

I 2014 reiste 14 ungdomar og tre vaksne frå Alversund og Knarvik til Tanzania. Med på turen var også ein filmfotograf og den regionale representanten for Kirkens Nødhjelp.

Føremålet var å møte menneske frå ein annan kultur, og bli kjent med Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i landet.

Og kva kom ut av turen? Her er nokre av svara som ungdomane gav på veg heim frå Tanzania:

«Eg tek med meg varmen dei gjev oss når dei tek imot oss.»

«Eg kjenner glede og takksemd for å kunna gå på skule.»

«Me har det enklare med vatn.»

For reisa gav opplevingar av rikdomen i Tanzania: Menneske, glede over at det går godt med naboen, dyrelivet, fuglesong i kyrkja. Landet har opplevd framgang i mange år, men ulikskap mellom kjønna, manglande tilgang på reint vatn og klimaendringar er med og seinkar utviklinga. Gruppa frå Nordhordland møtte born og unge som får del i Kirkens Nødhjelp sitt arbeid på desse områda, og såg at det nyttar å gje starthjelp slik at folk kan gjera bruk av sine egne ressursar.

To av dei som var med, Marie Pollen Nygård og Vilde Sætre Ellingsen, har fått følgjande spørsmål:

1. I Ilula møtte du 80 år gamle Annastansia, og ungdomane Brauni og Fransisca. Korleis opplevde du det?
2. Har turen ført til endringar for deg?
3. Kva trur du fasteaksjonen kan ha å seia for menneske som dei du møtte på turen? Og kva har fasteaksjonen å seia for deg?



Vilde Sætre Ellingsen og Marie Pollen Nygård møter her ungdomar på eigen alder i Tanzania.

## Marie Pollen Nygård:

1. Eg hugsar kor imøtekomande Annastansia var. Ungdommane jobba mykje i forhold til kva me gjer heime, og måtte sørgje for å skaffe elementære ting som vatn. På tross av at me ikkje snakka same språk, var det fint at me kunne kommunisere ved hjelp av å teikne bilete i sanden. Jordhytta dei budde i, gjorde også veldig inntrykk på meg.
2. I starten då eg kom heim, tenkte eg over alt eg hadde tatt som sjølv sagt heile livet. Vatn i springen, dusj, tak over hovudet, medisin, og skulegang, berre for å nemne noko. Den pågåande pandemien har gjort at me innser kor viktig vatn er for oss. Vatn er viktig i førebygging av smitte, og dersom ein ikkje har det tilgjengelig, vil viruset spreie seg fort i landsbyar der dei bur alt for mange i ei lita jordhytte. Eg har fleire gonger tenkt på korleis eit land som Tanzania klarar seg gjennom ein pandemi, med berre ein brøkdel av ressursane vi har tilgang på i Norge. Kirkens Nødhjelp gjer eit livsviktig arbeid for menneske i nød.
3. Gjennom fasteaksjonen skapar me håp for menneske som ikkje har tilgang til dei same ressursane som me har. Pengane frå fasteaksjonen gjer stor forskjell i livet til dei som treng det og fører til ringvirkningar som at born får seg utdanning som fører ut av fattigdom. For meg er fasteaksjonen viktig, for eg har sett at hjelpa kjem fram til menneske som verkeleg treng det.

## Vilde Sætre Ellingsen:

1. Det var en fin og sterk opplevelse å få komme så nært og få se hvordan Annastansia levde og få høre hennes historier om livet. Jeg husker godt at det var et bilbatteri på gulvet som gav lys i huset slik at barna kunne få gjøre lekser selv på kvelden. For Annastansia var barnas mulighet til en dag å kunne ta en utdanning viktig, da hun selv aldri fikk oppleve dette.
2. Det som helt klart var det fineste jeg opplevde på turen, var å møte alle menneskene. Gjestfrie, glade, positive, snille og tøffe mennesker. Jeg har helt siden turen i 2014 tenkt at jeg vil tilbake til Tanzania og kunne tenke meg å jobbe frivillig der. Jeg opplevde turen så meningsfull og givende, at dette er noe jeg virkelig vil oppleve igjen.
3. Kirkens Nødhjelp har jo de siste årene skaffet reint vann til over en million mennesker hvert år. "Forandre. For andre." står det på Fasteaksjonen.no. Jeg mener det er dette fasteaksjonen handler om. Vi så gleden i øynene deres og kunne se hvor ekstremt viktig dette er. Jeg mener dette er en unik mulighet for oss til å rette fokuset litt vekk fra oss selv her i Norge og fokusere på de som virkelig trenger det. Etter denne turen har jeg gått med bøsse hvert år i forbindelse med fasteaksjonen. "Forandre. For andre."

# «Eg visste ikkje at eg kunne drøyma om det!»

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Eit langt liv med mange bører er rita inn i ansiktet hennar. Men blikket framover er klart.

– Ungdomane må få utdanning, seier ho.

Annastansia Kivafi tek imot oss i heimen sin. Huset er bygd ved hjelp av midlar som er samla inn i Fasteaksjonen i Norge. Her er tank som samlar opp regnvatn, toalett som gjev gjødsel til grønnsaker, og solceller med batteri slik at ungdomane kan gjera lekser på kveldstid. Annastansia har teke ansvar for to foreldreause ungdomar, Brauni 10 år og Fransisca 14 år, og ho er oppteken av at dei må få utdanning. Sjølv har ho ikkje fått gå på skule.

## VATN

Ho er truleg rundt 80 år. Som jenter flest i Tanzania måtte ho henta vatn til familien. Ho gjekk sju km kvar veg, to eller fleire gongar for dagen.

Drøymde du nokon gong om å få eit hus med innlagt vatn? spurde me.

– Eg visste ikkje at eg kunne drøyma om det, seier ho. Og ho held fram i det ho lyfter dei opne hendene sine: -No takkar eg Gud og menneske for det eg har fått.

Tolken, Jacqueline Kadilo, som er i 20-åra, bryt inn:

– Eg óg gjekk og henta vatn då eg var lita.

Annastansia og dei to ungdomane – og mange einskildmenneske med dei – er sentrum i Kirkens Nødhjelps arbeid. Dette er å gje fridom til dei som er bundne i fattigdom. Dette er å gjera Guds kjærleik verkeleg i verda. Det er dét som er Kirkens Nødhjelp sitt oppdrag.



Jaqueline Kadilo og Annastansia Kivafi

## VATN

Kjelde: vannkunnskap.no

Kvar og ein av oss bør drikka mellom 1 og 1 ½ liter vatn kvar dag, og brukar 55 liter kvar dag til dusj, vask av hender og tannpuss. Når vi reknar med matlaging, klevask m.m. brukar kvar person i eit hushald mellom 150 og 200 liter kvar dag.

I fattige område av verda brukar kvar person 10 liter per dag til dette.

Fattige menneske brukar opp til 60-70 % av inntekta si til å skaffa seg vatn.

Dei med minst pengar, betalar mest.

Vel 10% av menneska på jorda manglar tilgang til reint vatn.

Dette er likevel stor framgang frå 1990 då 25% mangla reint vatn!

### Det nyttar å engasjera seg!

VIPPS / SMS VANN til 2426 (250,-)

Konto 1594 22 87493



## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

**RISNES**   
**ELEKTRO AS**  
Elinstallatør • tlf. 56349620



Tormod Valle frå Mundal i Osterfjorden likar arbeidet på kyrkjegarden. - Det er fint å vere ute i det fri, og godt med positiv respons frå folk som finn vegen hit, seier han.

# Driftige karar

Tekst: Øystein Skauge · Foto: Gunnar Kartveit og Øystein Skauge

**– Eg er positivt overraska over at fleire som går her på kyrkjegardane innleier gode samtalar med oss. Vi får høyre mange livshistorier om dei som no er gøynde under ein gravstein. Jamt, gjennom heile veka, møter vi folk på gravplassane. Det er tydeleg at dette er ein stad mange søker for stilla og ettertanke.**

På ein solfylt, kald vinterdag i januar sit driftsleiar i Alver kyrkjelege fellesråd, John Henanger, inne i den varme Meland kyrkje. Han fortel om arbeid og ansvar som han deler med tre kollegaer som er i sving utanfor på kyrkjegarden. Og han veit at ytterlegare to andre medarbeidarar same dag er i teneste på kyrkjegarden på Manger. Han er glad for at alle fem har lang erfaring, dei gjer ein flott jobb.

– Som medarbeidarar er det viktig at vi er skikkeleg kledde når vi møter andre på kyrkjegarden, så vi er utstyrte med ein type arbeidsuniformer med bl.a. kyrkjeleg logo som fortel kven vi er, seier han. Dei tilsette i driftseininga har også teieplikt.

John Henanger, (52 år) har vore i denne stillinga berre i fire månader. Han var elektrikar før, men bar lenge på ein draum om å vere altmulegmann på ein slik jobb som denne. No har han hovudansvar for drift, stell og vedlikehald av 21 gravplassar i Alver, forutan alle dei 15 kyrkjebygga i kommunen. Det er store verdiar som skal sjåast etter og vernast om.

## VEDLIKEHALD

Det handlar mykje om vedlikehald på bygg og anlegg. Sørgje for stell av parkområda. Plenklipping i sommarhalvåret. Men sjølvstakt er gravferdene hovudprioriteten på gravplassane.

Henanger fortel om mange flotte kyrkjer i Alver. Knarvik kyrkje er den største og mest avanserte av kyrkjehusa, med bruk av mykje moderne teknologi. Det vesle kapellet i Askvik er det andre ytterpunktet. Det er nesten berre som ei lita skulestove. Nest etter Knarvik, er Meland kyrkje den som er mest i bruk i kommunen, deretter følgjer Manger og Ostereidet.

– *Kva er mest presserande å få skikk på i 2021?*

– No har vi fått ein del statlege tiltaksmidlar, som vi først vil bruke til å pusse opp Ostereidet kyrkje der betongen sprekk opp. Den kyrkja må totalrenoverast utvendig. Lindås kyrkje skal også pussast opp og malast utvendig. Rotne materialar må skiftast. I Lygra kyrkje skal ein fikse roten materiale, tette tak og byte vindu i koret. Meland kyrkje skal totalrenoverast både ute og inne. I den kyrkja håpar vi på to nye kjøkken. I løpet av våren skal vi leggja fram vedlikehaldsplan for alle kyrkjene i Alver. Fellesrådet vil prioritera blant prosjekta, før dei, etter avtale, vert sende til Alver kommune, slik at det kjem med i økonomiplanen for 2022 og vidare.



## ARBEIDET PÅ KYRKJEGARDEN

Graver må opp, uansett v r og sesong. Det kan vere utfordrande. Jorda der vi grev, kan vere ulik. R ter og stein er tunge   hanskast med. Overvatn kan skape problem i regnfulle periodar, fortel Henanger.

Gravplassen p  Meland tek til   fyllast opp. Slik er det ogs  p  fleire andre gravplassar. P  Lind s er utvidinga i gang. Totalt har vi mange ledige graver i Alver kommune, men vi vil sleppe at folk som soknar til ei bygd og ein kyrkjegard skal risikere   m tte gravleggje sine p  ein «framand» gravplass,



Arne Palmesen og Anbj rn Vindenes utanfor driftsbygget ved Manger kyrkje.

langt unna der ein bur. St rste faren for at det kan kome til   skje, er dersom ein ikkje f r nye graver i Meland. Der b r utviding kome i gang snarast.

## SL TTEN

– Det er full pedal med sl tten fr  april til oktober. Det kan ta opp til to dagar   bli ferdig med ein av 21 gravplassar. Vi treng mykje folk til dette, men vi har lite pengar til ekstra l nsmidlar, seier driftsleiaren, og legg til: – I tillegg til sl tten, kjem gravferder gjennom heile sesongen, og vi har bryllaup der det helst skal sj  velstelt ut rundt kyrkja n r gjestene og bruref lgjet kjem. Men det er ur d   sl  p  meir enn 20 stader p  ein gong. Av og til m  graset vekse h gare enn det vi likar. Difor kan det ogs  vere slik at vi prioriterer dei st rste og mest bes kte gravplassane

## INGEN ENDESTASJON

– *Kva gjer det med deg som person   jobbe med d den p  denne m ten?*

– Eg var spent p  overgangen fr  elektroarbeid til graving. Men eg opplever   ha eit naturleg forhold til d den. Eg har sett d de menneske. Likevel: Vi kjem tett p  kister med d de. D  tenkjer eg at dette m  gjerast verdig. Menneske som hadde ein liten krins av n re p r rande skal handsamast likt med dei som vert f rte til grava saman med ein stor s rgjeskare. Vi som jobbar med dette skal respektere alle som kjem hit.

– *Korleis er det for deg   vere ein person som no er knytta til kyrkja med fast jobb og l n?*

– Det er ikkje alt eg er einig med kyrkja i, seier John Henanger. –Men eg er medlem i kyrkja, og er veldig glad for   sj  at det rundt omkring i Nordhordland er stort lokalt engasjement for det kyrkja st r for. For meg er det ei glede at eg ser at det er mange som vil gode ting for kyrkja v r. Skal folk framleis ha lyst   g  her, og   s kje til kyrkja, s  m  vi som er her, vere dedikerte i arbeidet v rt.

Det er ikkje eit krav om ei personleg tru for   arbeide i denne driftseininga, men for meg er det no slik at eg har ei tru, og eg er glad over vere   i ein samanheng der det lyser i eit h p om eit betre liv som ventar bak d den. Desse gravene som eg er med p    ta opp og   fyllje igjen, er ingen endestasjon. D  er det ogs  godt   kunne bidra til   stelle og   gjere det fint.

– *Har du m tt andre gravsikkerar som andre trussamfunn vil ha?*

– Ikkje enno. Vi har nokre stader der det er sett av plass for muslimske graver. Men vi ser at dei fleste muslimar vil bli gravlagde i Bergen. Vi har plass for desse, men ettersp rselen er ikkje stor.

Fr  v r side gjer vi alt for   framst  som ryddige n r f.eks. ei humanetisk gravferd vert gjennomf rt utan noko form for kyrkjeleg medverknad. V rt fokus er uansett at alle skal verte m tte med same respekt for sine val.

N r det er urneseremoniar, kjem vi kanskje ekstra tett inn p  folk. D  hjelper vi dei med den praktiske gjennomf ringa, og det kan vere noks  ulikt korleis dei p r rande  nskjer at dette skal bli gjort. Ein stadig st rre del av dei d de vert kremerte og f r ei urnegrav. Vi har no omkring 20 % urnegraver. Dei fleste vert kremerte i Bergen, men vi har ogs  ein del urner som kjem fr  heilt andre delar av landet.

**HELLAND  
ELEKTRO AS**

HOVEDKONTOR: LIND S    AVD. KONTOR: OSTEREIDET  
TLF: 56 34 24 30    TLF: 56 34 24 45  
www.helland-elektro.no

**HEL S AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilf yelse
- Arbeid p  kirkeg rder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har sp rsm l.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

**G RDBRUKERSERVICE**

LANDBRUK & MARINA    Etablert 1981

# Ta vare på kvarandre!

Tekst og foto: Solveig Westermoen

I desember 2020 arrangerte Meland kyrkjelyd ein digital adventskalender, der folk delte sine opplevingar om tru. Ei av dei er Astrid Anne Fjeldstad. Kyrkjeblada ynksjer å dele hennar historie med fleire.

Astrid Anne bur på Skjelanger, nord på Holsnøy. Ho er oppvaksen i området, og flytta tilbake hit med mannen sin etter nokre år med studier og jobb i Bergen.

– Eg vaks opp på bedehuset, seier Astrid Anne. Foreldra hennar var aktive på bedehuset, ho opplevde dette trygt og godt og treivst i miljøet.

Ho reiste til Bergen for å gå vidare på skule og ta utdanning som hjelpepleiar. Ho møtte mannen sin Olav og dei gifta seg i 1970. Dei fekk tre born, og flytta til Skjelanger i 1977.

Olav var aktiv som leiar i idrettslaget, borna spelte fotball og i skulekorpset, og Astrid Anne var aktiv i songkoret Vågen og Helselaget. Familien hadde ein aktiv kvardag.

Astrid Anne var ofte med mora og hjelpte til på bedehuset under ulike arrangement, men i kyrkja gjekk dei ikkje anna enn julafta når korpset skulle spele. Trua mista ho ikkje, men Bibelen og bøn tydde ho til når noko var vanskelig eller ho var redd for noko. Då opna ho Bibelen og opplevde fleire gonger å treffe rett på vers som gav henne trøyst.

Sommaren 1990 feira Astrid Anne og Olav 20 års bryllaupsdag. Olav ville gjerne invitere til fest, men Astrid Anne meinte at dette er det ingen andre som gjer, og ville venta til 25-års jubileet. –Vi er ikkje som alle andre! Vi gjer det på vår måte! Sa Olav. Så fest vart det.

Ein desemberkveld same året skulle Astrid Anne på korøving, og Olav skulle på møte med idrettens kontaktutval. Dei køyrde saman eit stykke på vegen. Då dei skildest, sa Astrid Anne: –Køyr forsiktig! Eg er så glad i deg!. –Eg er glad i dåke óg! svara Olav. Dette vart det siste dei sa til kvarandre. Olav fekk hjerneslag, vart sendt på sjukehus og døydde same natta.

Astrid Anne vende seg til Jesus i denne vonde tida, og bad mykje. Så var det ei som inviterte henne med i Meland Kantori. Kantoriet song på mest kvar gudsteneste. Og der oppe på galleriet sat ho og fulgte med, og såg på når det var nattverd. Det var fleire i koret som inviterte henne med, men ho vart sitjande. Heilt til ein gong presten inviterte



med desse orda: –Om du kjem for første eller for hundrede gong, er du like velkomen!

– Eg veit ikkje kva som skjedde, seier Astrid Anne, men så var eg nede i kyrkjerommet og knelte ved alterringen.

Sidan har ho vore aktiv i kyrkjelyden, både i Kantoriet og som medlem i soknerådet, og no også som frivillig i eit gudstenestelag. I tillegg til Sokneråd og kor har Astrid Anne og funne tid til å vere politiskar (SP) og vere aktiv i LHL.

– Eg har fått eit anna forhold til både Bibelen og bøn dei siste åra, seier Astrid Anne. Ho les ikkje kvar dag, ler ho, men ho les fast. Bøn er også viktig for henne. –Eg ber gjerne i bilen, eller andre stader. Saknet etter Olav er framleis sterkt i periodar. Ho har lært seg å leve med sorga, men nokre dagar er tyngre enn andre. Då er det godt å tenkje på at det siste dei sa til kvarandre var at dei var glade i kvarandre.

Astrid Anne har ei oppfordring til slutt: –Gå ikkje frå kvarandre som uvener! Sei at du er glad i dei rundt deg. Og hugs: Det er makt i de foldede hender!

**Bygg Team**  
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

# «Vi skal skrive en historie om håp, ikke frykt!»

Tekst: Ole D. Hagesæther  
Foto: Inger Fosse Dalland

Slik ordla Joe Biden seg, da han ble innsatt som president. Den setningen vil jeg ta vare på. «Vi skal skrive en historie om håp, ikke frykt!» Det er ord som gir retning når det er mørkt i horisonten.

Vi er på en tøff reise i disse dagene, alle sammen. Koronaen har truffet oss i mellomgulvet. Den har skapt avstand og usikkerhet og gjort oss redde. Den truer næringslivet og skaper vansker i familielivet. Ungdommer mister fellesarenaer mens sykehusene fylles opp. Hver uke er det noen i landet vårt som dør.

Likevel skal livsfortellingen vår ikke handle om frykt. Vi vil skrive om håp. Et håp som vi kjenner bærer, også når det butter mot på andre måter i livet.

Men jeg tror nok mange av oss trenger å skrive om kontrakten vår med livet. Livet er et risikofylt prosjekt som krever utholdenhet. Vi må ikke tro at vi blir spart for skuffelser og tap. Smerten hører livet til.

Nå er det ikke farlig å bli redd! Det er helt normalt i stressende situasjoner. Så lenge det er vi som har angsten og ikke angsten som har oss, så finner vi ut av det. Frykten er en ubehagelig følgesvenn. Men den kan redde oss fra nye farlige situasjoner. I ettertid kan den gi oss verdifull erfaring.

Håpet er motoren som drar oss gjennom kriser og katastrofer. Vi tåler veldig mye når vi bare kan klamre oss til et håp. Jeg snakker ikke om billig trøst. Håpet må ha noe å støtte seg til, noe som er troverdig.

Trygg nærhet og troverdig erfaring kan være til hjelp. Jeg reiste en stormfull dag med fly over fjellet. Det satt en ung pike i setet ved siden av meg. Hun skalv hver gang flyet ristet og mistet høyde. «Er du redd?» spurte jeg henne. «Ja» svarte hun tynt tilbake. «Jeg er ikke vant til å fly.» Og så, like etter: «Kan jeg få holde deg i hånden?» Og slik ble det. En ung pike og en godt voksen mann. Til å begynne med sa vi ikke så mye. Men jeg merket at hun kom mer til seg selv etter hvert. Jeg sa: «Jeg har reist dette stykket mange ganger. På denne tiden av året kan det være nokså humpete. Men flyene er bygd for slikt vær. Det er alltid to piloter i

flyene. Til sammen har de masse erfaring».

I koronatider kan helsepersonell fortelle hvordan pandemier har vært stoppet tidligere. Det er til hjelp å høre om vaksine og andre lovende tiltak. Vi blir roligere når vi ser Nakstad sitt ansikt på TV. Vi har tillit til det han sier. Kunnskap og erfaring hjelper når vi er redde. Det gir oss håp.

Det går som oftest bra både når vi flyr og når vi blir syke. Men ikke alltid. Noen blir hardt kvestet og noen dør. Det er slik livet er. Vi vil skrive en historie om håp, ikke om frykt. Men vi må være sannferdige. Billig trøst kan slå voldsomt tilbake dersom livet raser sammen.

Motsetningen til frykt er ikke tapperhet. Det er tillit. Tillit til bærende krefter som fortsatt holder livet sammen. Mange tenner lys når noe forferdelig har hendt. De vet ikke alltid hvorfor, men det er en symbolhandling som skal fortelle om lyset som overvinner mørket. Mange søker til kirken, et rom som tåler klagen. Noen ber, ofte ordløst, alltid hjelpeløst. Kong Josjafat sine ord i Bibelen dekker manges opplevelser i stunder som dette. Han roper til Gud og sier: «Vi vet ikke hva vi skal gjøre. Men våre øyne er vendt mot deg!» (se 2. Krønikebok 20, 12). Verden har rast sammen, men håpet er ikke slukket. Livsopplevelsen er forankret i troen på en som aldri slipper.

Og det er slik det er: I salme 31 i Bibelen har David en trygghetsformulering som jeg har gjort til min: «Men jeg setter min lit til deg, Herre. Jeg sier: «Du er min Gud». Mine tider er i din hånd».

Motsetningen til frykt er ikke tapperhet. Det er tillit.





## OPPSKRIFT

# Peruansk middagsrett

LOMO SALTADO (HOPPANDE KJØT)

**Astrid Aarhus Byrknes** bur i Knarvik og arbeider som samfunnskontakt og seniorrådgjevar ved Haraldsplass Diakonale Stiftelse. Ho har vore ordførar i Lindås kommune i 12 år. Tidlegare arbeidde ho og ektefellen Per i Peru for Norsk Luthersk Misjonssamband. Oppskrifta som ho deler her, hadde dei med seg derifrå.



### Til 4 personar

500 g biffstrimlar eller anna oksekjøtt i strimlar

1 stor løk

1 boks hakka tomatar med kvitløk og oregano (eller ordinær boks med hakka tomatar)

1 ts sukker

1 terning kjøttbuljong

Ca 1/2 ts kvitløkspulver

1 ts paprikapulver

Eit dryss cayennepepar

Soyasaus til marinade

1 til 1,5 pose med potetbåtar (frå frysedisken)

### Slik gjer du det:

1. Ca 1 time før du skal lage retten: Legg kjøtstrimlane i ei skål og dekk med marinade av ca 1/2 flaske soyasaus, paprikapulver, kvitløkspulver og cayennepepar. Bland godt og set i kjøleskap
2. Løys opp 1 terning kjøttbuljong i litt vatn
3. Bruk ei stor panne eller helst ei wokpanne. Ha i litt olje, og steik kjøttet med marinaden. Bland i litt vatn viss det trengst. Ha i buljongen.
4. Småsur på svak varme
5. Skjær opp løken. Først deler du løken i to, deretter tynne skiver.
6. Bland løk godt med kjøttet. Surr vidare i ca 15 min.
7. Ha i 1 boks tomatar og 1 ts sukker.
8. Dette røres inn og surres vidare på svak varme mens potetbåtane vert steikte i steikeomnen (bruk litt olivenolje og kvernsalt på potetene). Rør i kjøttblandinga av og til.
9. Når potetene er ferdigsteikte, blir dei tatt ut av omnen og lagt oppå kjøttblandinga.
10. Retten blir servert med ein god salat til, gjerne med tomatar og fetaost.

Servido!



**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ** Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HÉR FOR

*deg*

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund    Havnevegen 31 Frekhaug    Elvavegen 1 Dalekvam



**VATNE** begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

**vatne-byra.no**

# Fake eller fakta?

Av Magne Myrtveit

Vi tek imot det heilage gjennom sansane våre. «Nest etter nattverdsmåltidet, er naboen din det mest heilage du kan sansa.» (C.S. Lewis). Bibelen kallar oss til å ta i mot Kristus, og til å visa omsorg for naboen - både i snever og vid forstand.

Demokratiet er ikkje omtala i Bibelen, men det er kanskje den beste ramma både for fridom og trusfridom i verda. I boka «Demokratiets svanesang» (2020) teiknar Anne Applebaum eit dystert bilete av demokratiet si framtid. Det kan gå mot tider med meir naud og undertrykking. Dette kan vi som folk og kyrkje ikkje stilla oss likesæle til.

Essensen av Applebaums bok er denne: Demokratiet sin lagnad kviler på forholdet vårt til sanning. Snakkar vi sant om saker? Snakkar vi sant om meningsmotstandarar?

La oss gjera eit sprang i tid, tilbake til langfredag: Pilatus visste at ein dom mot Jesus ville vera mord på ein uskuldig person. Men Pilatus tenkte meir på seg sjølv enn på andre, og overlét avgjerda til folket. Folket var manipulert av dei religiøse leiarane(!) som spreidde sine konspirasjonsteoriar om Jesus, og lova at når han var borte, ville alt bli bra.

”Krossfest, krossfest”, ropa folket.

Det som skjedde med Jesus, vart på den måten ei ”demokratisk” avgjerd. Alternative sanningar og falske nyheiter er ikkje nye oppfinningar.



Kakestykke vert mindre dess meir dei blir delte. Med løgner er det omvendt: Dei vert større og farlegare for kvar einaste deling.

Vi har lært oss ikkje å lyga. Men det er lett for at vi fer med usanning utan å vita det. Mykje av det vi finn på sosiale medier, er ikkje sant. Kva om du trur på det, droppar faktasjekken, og deler det vidare? Venene dine har ein tendens til å stola på det du deler, og deler det gjerne vidare. På denne måten kan løgner spreia seg til millionar av menneske i laupet av timar.

Til slutt, ta med deg kor stor betydning Jesus gir til sanninga:

”Sanninga skal gjera dykk frie.”, Joh.8,32.

**DYNAPLAN**<sup>®</sup>  
Experiencing the future

**REMA 1000**  
MANGER SENTER  
07.00-23.00 – 56 37 22 55

**BUNNPRIS**  
BØVÅGEN MAT. TLF 56 37 00 90



**Kyrjekaffi** er eit viktig sosialt og diakonalt tiltak etter ei gudsteneste – eller som på nyåret – ei kort nattverds-samling i kyrkja.

Men når me ikkje har høve til å samlast inne, då vert det bålpanne og kokekaffi utanfor kyrkja.

Første søndagen i februar tok Kristoffer Toska og Oddbjørn Tveiten ansvar for bålpanna, og mange samlast der i det kalde og fine vinterveret til kaffi, kake og ein god prat.

# Tankestrek

Ved Gunnar Kartveit

«Koronaen» vart årets nyord i 2020. «Under koronaen» vil i ettertid vera uttrykk for ein tidsepoke, seier Språkrådet.

Korona-viruset har prega svært mykje det siste året. Alt frå barneselskap til OL er blitt avlyste eller utsette. Store og små verksemdar har fått problem, folk er blitt permitterte eller mist arbeidet. Media har brukt tallause timar og spaltmeter for å oppdatera oss. For første gong i historia har det vore søndagar der så godt som alle kyrkjene i landet har vore stengde.

Og ikkje minst: Mange er blitt smitta, og liv har gått tapt.

Me har fått gode råd og trygg rettleiing frå styresmaktene, tufta på faglege råd. Men paradoksa har stått i kø:

*Vis nærleik ved å halda avstand.*

*Ta vare på kvarandre, men ikkje ta på kvarandre.*

*Opptre meir samla, men ver mindre saman.*

Ein del har også opplevd det siste året som betre enn elles. Familiar har kome nærare kvarandre, relasjonar er styrkte, telefonsamtalar er blitt hyppigare, og nokre bransjar har hatt auke i omsetnaden.

## Tillit

Ei ung jente frå Brasil var på besøk her i landet. Ho la merke til at butikkar hadde varer ståande utanfor butikken, og folk tok varene med seg inn og betalte for dei. «De må ta vare på denne tilliten,» sa ho.

Når styresmaktene har gjeve korona-råd, har det i stor grad vore tverrpolitisk semje om det. Og dei har som regel henta råda frå fag-instansar. På den måten har dei bygd opp under tilliten.

Og me har hatt tillit til råda, også når det har kome nye innstramingar der me trudde det skulle opnast opp. Alt tyder på at denne tilliten har hindra smitte og berga liv.

## Ungdom

Eitt år er ein høvesvis stor del av eit ungt liv. Ungdomstida er tida for utdanning og relasjonsbygging, og for mange er dette blitt redusert eller avlyst. Likevel har unge flest stilt opp for smittevernet, og på den måten teke vare på andre, både andre på sin eigen alder og ikkje minst besteforeldre. Det fortener dei takk og respekt for.

## Kyrkja

Kva gjer kyrkja i denne situasjonen?

Bøn og arbeid er viktige stikkord til svar.

Diakoni i vid forstand er å setja ut i livet det som vi bed om. Diakoni er t.d. ein telefonsamtale, eit ord og eit møte som skaper nærvær, eit musikkstykke.

Når det fysiske fellesskapet ikkje er mogleg, ser diakonien etter andre måtar å sjå kvarandre på, ei oppgåve me alle har.

Korona er ikkje nemnt i Bibelen. Men Bibelen lærer oss mykje om å ta vare på kvarandre, og ha eit særleg auge for dei som lett fell utanfor.

I seinare tid har ikkje kyrkja fått den same offentlege merksemda som i den første fasen av pandemien. Andre plassar der folk får møtast, er halde opne, men kyrkja har fått grenser på 10 eller 20 personar om gongen. Gravferder er avgrensa til 50. Argumentet om fastmonterte stolar er blitt imøtegått frå ulike hald utan at det har gjeve endring.

## Fasteaksjonen og korona

På side 6 og 7 i dette bladet er det informasjon om fasteaksjonen. Gjennom den er me også med og kjempar mot korona. For Kirkens Nødhjelp arbeider med tiltak mot korona i over 20 land. Vatn, hygiene og opplæring er viktige våpen i denne kampen, og det har Kirkens Nødhjelp lang erfaring med. Kirkens Nødhjelp er også talerøyr for dei som ikkje kan betala seg framover i vaksine-køen.

## Solidaritet

Korona har utfordra solidariteten vår: Ta omsyn til andre som du møter, eller hald deg borte.

Korona bryr seg ikkje om landegrenser. Korona spør ikkje etter kven som har reint vatn og gode hygiene-forhold, eller om ein har rom nok til å halda avstand. Heller ikkje kven som har tilgang til godt helsestell.

15 respiratorar er alt som finst for 18 millionar innbyggjarar i Malawi i det sørlege Afrika. To statsrådar og fleire religiøse leiingar har døydd av korona, og folk er redde.

I midten av januar i år var 25 vaksinedosar delte ut til fattige land, og 39 millionar dosar i rike land, ifg WHO.

På same tid blir me dagleg minna om at me treng meir vaksiner til Norge.

Me står midt i eit stort moralsk dilemma. For medan me vonar å få vaksinen så snart råd er, ser me at svært mange andre står så langt, langt bak i køen.

Me treng denne bøna som Svein Ellingsen har formulert:

Vi ber deg, Gud, la gleden over livet  
Få bringe oss tilbake til vår neste,  
Selv om vi ennå gjemmer oss bak murer  
Og, blinde for din godhet, går og klager.

Hver stund som hjertet slår, skal bønnen lyde:  
Vår Gud! La gleden aldri bli tatt fra oss!  
La gleden gi oss kraft så vi kan leve  
For dem som trenger oss vår tid på jorden

(Norsk Salmebok nr 677).

# Slekters gang



## DEN NORSKE KYRKJA

### Radøy

### Døypte

08.11.2020	Ronja Rath Kolås
15.11.2020	Luca Crowo Færøy
15.11.2020	Jakob Instanes Hamre
22.11.2020	Tiril Bø
29.11.2020	Emil Valdersnes Myrtveit
31.01.2021	Leander Haugland Fardal

### Gravferd

06.11.2020	Sigvald John Olai Marås
13.11.2020	Olav Hagen
13.11.2020	Inger Olaus Sjørven
27.11.2020	Kjell Fjellsende
27.11.2020	Ingeborg Skagenes
04.12.2020	Ingvard Normann Toft
08.12.2020	Beate Vetås
11.12.2020	Nina Helene Larsen Haugland
18.12.2020	Ingeborg Kristine Helle
05.01.2021	Klara Sigrid Soltveit
19.01.2021	Agnar Ottesen
19.01.2021	Maren Tora Hole
22.01.2021	Gro Borgund

### Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1  
A, 5936 Manger

### Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

**Telefon:** 4000 1691

kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

**Facebookside:** radoykyrkjelyd

**Kontonummer:** 3636 07 04682

**Vipps:** 24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

### Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjevevjerje:** John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellestrådet:** Grethe Lunde,

gr-lunde@online.no

**Soknerådsleiar Radøy:**

Gunnar Kartveit

gunnar@kartveit.com

### Radar

**Utgjevar:** Soknerådet i Radøy

sokn, i samarbeid med Meland

sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden

sokn og Mo sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit

og Heidi Soltveit Kvalheim

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedeilete:** Arne Palmesen

og Anbjørn Vindenes på

gravplassen ved Manger kyrkje.

Foto: Gunnar Kartveit.



**J. William Kay**

Organist I/Rådgevar  
jk699@kyrkja.no



**Frode Skag Storheim**

Organist II  
fs634@kyrkja.no



**Helge Taranrød**

Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**

Kyrkjevevjerje  
jw734@kyrkja.no



**Gudveig Kartveit Sundsbø**

Diakon  
gs888@kyrkja.no



**Wilco Vogelaar**

Kyrkjelydspedagog  
wv824@kyrkja.no



**Audun Sylta**

Dagleg leiar Radøy og Lindås  
as624@kyrkja.no



**Hilde Marie Solend**

Kontorfullmektig  
hs769@kyrkja.no



**Anbjørn Vindenes**

Kyrkjegardsarbeidar



**Arne Palmesen**

Kyrkjegardsarbeidar



**Kjell Johan Sekkingstad**

Sokneprest  
ks482@kyrkja.no



**Thor Sommerseth**

Prest  
ts483@kyrkja.no

# GUDSTENESTE- KALENDER

## Gudstenesteliste – planlagt men kan verta endra grunna COVID-19.

### 7. mars

3. søndag i fastetida  
Hordabø kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
Gunnar Johan Hageberg

### 14. mars

4. søndag i fastetida  
Manger kyrkje 11:00  
Kjell Sekkingstad  
John William Kay

### 21. mars

Maria bodskapsdag  
Sæbø kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
John William Kay

### 28. mars

Palmesundag  
Manger kyrkje 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad. Ann  
Jorun Hillersøy

### 1. april

Skjærtorsdag  
Sæbø kyrkje 19:00  
Kjell Johan Sekkingstad. Ann  
Jorun Hillersøy

### 2. april

Langfredag  
Sæbø kyrkje 19:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
John William Kay

### 4. april

Påskedag  
Sæbø kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
John William Kay

### 11. april

2. søndag i påsketida  
Hordabø kyrkje 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad.

### 18. april

3. søndag i påsketida  
Manger kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
John William Kay

### 25. april

4. søndag i påsketida  
Sæbø kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.

### 02. mai

5. søndag i påsketida  
Hordabø kyrkje 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad.  
John William Kay

### 09. mai

6. søndag i påsketida  
Sæbø kyrkje 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad. Ann  
Jorun Hillersøy

### 13. mai

Helgetorsdag  
Solendfjellet 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
Friluftsgudsteneste

### 17. mai

Hordabø kyrkje 10:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.

Manger kyrkje 10:00  
Kjell Johan Sekkingstad.  
John William Kay

Sæbø kyrkje 11:15  
Kjell Johan Sekkingstad.  
John William Kay

Emigrantkyrkja 12:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
Ann Jorun Hillersøy

### 23. mai

Pinsedag  
Manger kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
John William Kay

### 24. mai

2. pinsedag  
"Katedralen" på Bø 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.

### 30. mai

Treeiningssundag  
Tjorehagen 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad.

### 06. juni

2. søndag i treeiningstida  
Manger kyrkje 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad.  
John William Kay  
Konfirmantjubileum for  
2020

Det blir digital gudsteneste;  
sjå info på kyrkja.no/radoy

Oppdatert informasjon  
som gudstenester og andre  
samlingar finn du på  
kyrkja.no/radoy og  
Facebook-sida radoykyrkjelyd

### 20. juni

4. søndag i treeiningstida  
Manger kyrkje 11:00  
Thor Asbjørn Sommerseth.  
Konfirmantjubileum for  
2021.

### 27. juni

5. søndag i treeiningstida  
Sæbø kyrkje 11:00

Radøy kyrkjelyd samarbeider  
med Det norske  
misjonselskap (NMS) om  
støtte til kyrkjer i Estland. I  
2020 samla Radøy kyrkjelyd  
inn 20.774 kr til arbeidet.  
Dette er viktig støtte, særleg  
i korona-tida, til mediarbeid  
og til å byggja kyrkja opp att  
i landet.



Manger kyrkje



Hordabø kyrkje



Sæbø kyrkje



Emigrantkyrkja